

Saksliste

Sak MKR 32/98

KIRKEMØTESAKER

- a. Verdet til mennesket er ukrenkelig - arbeid med menneskerettar i Den norske kyrkja (*ettersendes*)  
Felles påskefeiring fra år 2001
- c. Organisasjonsgjennomgang i de sentralkirkelige råd  
(*ettersendes*)
- d. Representanter til Rådsmøte i NKR 1999-2002 (*ettersendes*)
- e. Strategidokument for Dnk 1999-2002 (*ettersendes*)



---

MELLOMKIRKELIG RÅD	OSLO	8. OG 9. SEPTEMBER 1998
SAMISK KIRKERÅD	LEBESBY	8. OG 9. SEPTEMBER 1998
KIRKERÅDET	OSLO	17.-19. SEPTEMBER 1998
KIRKEMØTET	BERGEN	8.-13. NOVEMBER 1998

---

Sak MKR 32/98a, SKR /98, KR 36/98, KM 12/98

Saksordførarar: Mellomkirkelig Råd: Ola Hunsager; Kirkerådet: Nils Tore Andersen

Sakshandsamar: Hans Morten Haugen

Saksdokument: Saksframstilling

Verdenserklæringa om menneskerettighetene  
 Oversyn over viktige menneskerettsinstrument  
*Boka Håp for verden - Kirken og menneskerettighetene*  
 Kirkemøtesak 10/96: Forbruk og rettferd  
 Materiell til freds- og menneskerettighetssøndagen 6. desember 1998

Bakgrunn:

Saka sendast ut i same versjon til Mellomkirkelig Råd og til Kirkerådet som eigne saker,  
 medan Samisk Kyrkjeråd har saka som orienteringssak. Av de respektive fagnemndene har  
 både Menneskerettighetsutvalget og Komitéen for Internasjonale Spørsmål, samt Nemnd for  
 diakoni teke del i arbeidet med dette dokumentet. Kirkerådet vil få forslaga til endringar som  
 vart melde på møtane i Samisk Kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg Råd. Det vil bli arbeidd noko i  
 ettertid, og dei endringane som vert gjort skal godkjennast av leiarane i råda.

Saksframstilling:

## **Verdet til mennesket er ukrenkjeleg - arbeid med menneskerettar i Den norske kyrkja**

- I Innleiing
- II Kvífor er kyrkja engasjert i menneskerettsarbeid?
- III Økumenisk arbeid for menneskerettane
- VIMenneskerettane representerer noko nytt
- V Menneskerettane inn i eit nytt årtusen

## VI Utfordringar internasjonalt

Retten til mat blir broten kvar dag  
Religiøs ekstremisme er umenneskeleg og uevangelisk  
Kristendomen som ein kultur mot vald

## VII Utfordringar i Noreg

Perfekte barn - eigarskap av mennesket  
Har alle menneske i Noreg dei same rettane?  
Overgrep mot dei reisande

## VIII Menneskerettane i det politiske spelet -døme frå Noreg

## IX Oppsummering

## X Framlegg til vedtak

## I INNLEIING

I 1998 er det 50 år sidan Verdserklæringa om menneskerettane vart vedteken. I august i år var Den norske kyrkja medarrangør for ei stor jubileumsmarkering i Oslo saman med religions- og livssynsorganisasjonane i Noreg. Her var også den norske regjeringa til stades, og i salen satt også Høgkommisären for menneskerettar i Sameinte Nasjonar (SN), Mary Robinson.

Dette bildet kan illustrere flere viktige sider i arbeidet for menneskerettar i dag:

Den norske kyrkja har eit langvarig og forpliktande engasjement for menneskerettane. Dette engasjementet vert delt av store deler av folket, i og utanfor kyrkja. Dette engasjementet inneber eit tett og konstruktivt samarbeid med norske styresmakter og internasjonale politiske og kyrkjelege organ.

Dei internasjonale økumeniske organa har gjeve kyrkjene ei utfordring no i 1998, året då vi feirar 50års-jubileet for Verdserklæringa om menneskerettane. Dei ber oss tydeleggjere og forsterke engasjementet for menneskerettane. Denne utfordinga vil Den norske kyrkja fylge opp, og denne KM-saka er eit bidrag til å gje eit slikt vitnesbyrd.

Dei internasjonale økumeniske organa Verdskyrkjerådet, Det lutherske verds forbundet og Verdsalliansen for reformerte kyrkjer har i fellesskap vald å lyfte fram sju sentrale menneskerettslege utfordringar for kyrkjene no i 1998: religionsfridom, kvinnerettar, rasisme, straffefridom frå forbrytingar, økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, urfolksrettar og flyktningerettar.

## II KVIFOR ER KYRKJA ENGASJERT I MENNESKERETTANE?

Nokre døme på kva som tidlegare er gjort i Den norske kyrkja for å skape auka medvit omkring menneskerettar og menneskeverd - og tilhøva mellom desse:

- Bispemøtet skreiv i 1968 *I menneskerettighetenes år*, med sterkt støtte til menneskerettane.
- Rapporten ... *For menneskelivets skyld - Den norske kirkes internasjonale menneskerettighetsengasjement*, lagt fram for Kyrkjemøtet i 1988.
- Utgreiinga *Etiske synspunkter på genetisk veiledning og prenatal diagnostikk* vart lagt fram for Bispemøtet i 1982.
- Kyrkjemøtesak 3/85 hadde tittelen *Menneskesyn og menneskeverd* og leidde fram til viktig arbeid utover på 80-talet.

- Til Kyrkjemøtet 1989 vart fleire utgreiingar lagde fram; den mest relevante her hadde tittelen *Mer enn gener- Utredning om bioteknologi og menneskeverd*.
- Sakane «Forbruk og rettferd» frå 1996 og «Urfolk i den verdensvide kirke med utgangspunkt i samisk kirkeliv» frå 1997 hadde også klare menneskerettslege sider.
- Til dette Kyrkjemøtet har alle delegatane fått boka *Håp for verden - Kirken og menneskerettighetene*, eit fellesprosjekt der også Kirkens Nødhjelp og frikyrkjene er med.

Som synt i kyrkjemøtesaka om dødshjelp, er det ein tendens til at menneskeverdet blir forstått som ein funksjon av kor godt den einskilde fungerer eller kva evne han har til å auke velferden i samfunnet. Ei slik forståing bryt sterkt med både Bibelen og grunnleggjande fellesskapsetikk. Jesus møtte dei som fall utanfor samfunnet med ei haldning som i dag kan vere eit førebilete for oss (Lukas 5, 18-26).

Utfordringane både mot menneskeverdet og mot menneskerettane kan forklaraast m.a. gjennom ein trøng til å kontrollere stadig fleire sider ved menneskelivet og omgjevnadene rundt oss. Jo meir kontroll vi ynskjer å ta til oss, jo meir avmektige ser vi at vi faktisk er. Rett forvalting av naturen er eit oppdrag vi har fått (1 Mos 1.28). Oppmodinga om å leggje jorda under oss har også vorte misbrukt. Forvaltaroppdraget må no styrkast - for å skape motkrefter til dei som vil bruke mennesket til eiga vinning.

I dag har mange det svært godt, materielt sett. Samstundes får vi det stadfesta at dei som verkeleg tapar på dei gode tidene er dei som har lite frå før. Dette utfordrar oss som kristne. Som det står å lese i kyrkjemøtedokumentet Forbuk og rettferd frå 1996: «*Vi ber fram stor takk til vår Herre og Skapar for at vi lever i materiell tryggleik. Men på same tid ser Kyrkjemøtet at vi må gå føre og arbeide aktivt for opbrot og endringar, slik at Guds vilje med skapningen og skaparverket vert røyndom. Bibelen lærer oss dessutan at Gud tek parti for dei undertrykte.*

Dyrkinga av det perfekte og det vellukka blir stadig viktigare, og i vår del av verda i dag finst økonomisk fridom og relevant kunnskap som kan nyttast for å verkeleggjere nokre av desse idealia. Mennesket har alltid streba etter eit betre liv, og vil alltid ha ein motivasjon til å nå endå høgare - også med andre menneske som synlege og usynlege offer. Mot ei slik tenkning bryt Jesu radikale bodskap. Når vi møter Kristi ansikt i våre medmenneske, og lærer at Jesus framfor alt er hos dei fattige i seg sjølve (Matt 5.3; Matt 25.40) får vi ei anna forplikting på verdien av menneskeleg liv og fellesskap.

Tilhøvet mellom Bibelen og menneskerettane kan enkelt illustrerast med at omgrepet «menneskerettar» var framand for dei som levde i den tida då Bibelen vart overlevert og nedskriven. Bibelen kan likevel være ei rik inspirasjonskjelde for eit menneskerettsengasjement, og kan også utvide perspektivet i høve til menneskerettane. Trass i at det samfunna på Jesu tid ikkje praktiserte noko likeverde mellom menneska, er likskaps- og rettferdsidealene endå meir eksplisitte i Bibelen enn kva nokon av menneskerettskonvensjonane rommar.

Utgreiinga *For menneskelivets skyld - Den norske kirkes internasjonale menneskerettighetsengasjement* lister opp desse åtte grunnprinsippa for ei kristen forståing av menneskerettane:

- Tilhøvet mellom menneske og Gud er bygd på hans løfter om nåde og tilgjeving;

- Menneskeverdet kan ikkje krenkast av di livet og verdet vårt er gjeven av Gud;
- Gud har skapt alle menneske i sitt bilet, noko som ikkje tillet diskriminering;
- Alle menneske er syndarar, også i høve til andre, og menneskerettane set rett foran makt;
- Menneskerettane må forståast innanfor ei ramme av fellesskap, ikkje individuelt;
- I høve til naturen og andre levande skapningar kan ikkje rettane brukast mot skaparverket;
- Det er mogleg å oppgje rettane sine overfor andre menneske, men dette kan ikkje krevjast av andre;
- Kristen fridom i høve til Gud og grunnleggjande fridomar innanfor menneskerettstenkning er knytt til to ulike sfærar, og kan derfor ikkje samanblandast.

Sidan Bibelen og menneskerettane aldri kan bli samsvarande, av di dei har ulike grunngjevingar og ulike mål, vil vi også i dag finne døme på at Bibelen kan gje andre svar enn menneskerettane. Likevel ser vi mange gonger at kristne som i ei sak kan ha kritiske standpunkt av teologisk art, likevel kan arbeide for å fremje dei menneskeretslege sidene ved denne saka. Dette syner eit gjennomtenkt forhold til eigen teologi og menneskerettstenkning.

### **III ØKUMENISK ARBEID FOR MENNESKERETTANE**

Nå Kyrkjemøtet no skal gå djupare inn i menneskerettssørsmål må vi også kjenne historia i kyrkja sitt bidrag til menneskerettane. Etter den første generalforsamlinga til Verdskyrkjerådet i september 1948 reiste mange av dei som hadde tatt del i etableringa av Verdskyrkjerådet direkte til New York og arbeidet med det som skulle bli Verdserklæringa om menneskerettane. Innsatsen til desse kyrkjeleiarane var viktig for at Verdserklæringa om menneskerettane vart eit slikt sentralt dokument i all ettertid.

Då teksta til Verdserklæringa om menneskerettane vart diskutert i 1948, var det lenge eit framlegg om at ordet «Skapar» skulle vere med i innleiinga til erklæringa. Dei meir og meir ateistiske austblokk-landa gjekk til slutt imot formuleringa om at mennesket har fått fornuft og samvit i Skapar-gåve («endowed by the Creator»).

Denne strykninga er ein illustrasjon på ei oppfatning som ofte har vore dominante. Mange meiner at menneskerettane og religion tilhører to ulike sfærar. Ei slik oppfatning er korrekt på den måten at dette er to skilde system, men ho er ukorrekt dersom ein tar som sitt utgangspunkt at desse to kan gje rikdom og forståing til kvarandre.

Sjølv om kyrkjeleiarar spelte ei sentral rolle for formulere Verdserklæringa, har kyrkja opp gjennom historia ikkje alltid vore like positiv til at det har vekse fram normsystemer som har andre kjelder enn dei bibelske. Trongen til å vere ei sann og tenande Kristi kyrkje har til tider blitt borte i trongen til å verne eigne privilegier og eigne kyrkjelege rettar. Det finst nok av eksempel på at kyrkje og stat - ofte i nære alliansar - ikkje har vore flinke nok med å arbeide for å fremje rettane til dei som trond det mest. Spørsmålet har heile tida kva grunnleggjande verdiar kyrkja skal bere med seg.

Også Jesu møte med menneske som jødane definerte som religiøst fråfalne og ureine, kan vi lære mykje av i dag. Møtet med både gamle og nye minoritetar er ein test på kor ope samfunnet er. Menneskeverdet kan også trugast når ei gruppe vil omforma andre oppfatningar og levesett til å passe med det ein sjølv har. Som synt i kyrkjemøtedokumentet «Urfolk i den verdsvide kyrkja med utgangspunkt i samisk kyrkjeliv» frå 1997, har Den norske kyrkja hatt ein blanda tradisjon i møtet med norske samar.

- Til Kyrkjemøtet 1989 vart fleire utgreiingar lagde fram; den mest relevante her hadde tittelen *Mer enn gener- Utredning om bioteknologi og menneskeverd*.
- Sakane «Forbruk og rettferd» frå 1996 og «Urfolk i den verdensvide kirke med utgangspunkt i samisk kirkeliv» frå 1997 hadde også klare menneskerettslege sider.
- Til dette Kyrkjemøtet har alle delegatane fått boka *Håp for verden - Kirken og menneskerettighetene*, eit fellesprosjekt der også Kirkens Nødhjelp og frikyrkjene er med.

Som synt i kyrkjemøtesaka om dødshjelp, er det ein tendens til at menneskeverdet blir forstått som ein funksjon av kor godt den einskilde fungerer eller kva evne han har til å auke velferden i samfunnet. Ei slik forståing bryt sterkt med både Bibelen og grunnleggjande fellesskapsetikk. Jesus møtte dei som fall utanfor samfunnet med ei haldning som i dag kan vere eit førebilete for oss (Lukas 5, 18-26).

Utfordringane både mot menneskeverdet og mot menneskerettane kan forklaraast m.a. gjennom ein trøng til å kontrollere stadig fleire sider ved menneskelivet og omgjevnadene rundt oss. Jo meir kontroll vi ynskjer å ta til oss, jo meir avmektige ser vi at vi faktisk er. Rett forvalting av naturen er eit oppdrag vi har fått (1 Mos 1.28). Oppmodinga om å leggje jorda under oss har også vorte misbrukt. Forvaltaroppdraget må no styrkast - for å skape motkrefter til dei som vil bruke mennesket til eiga vinning.

I dag har mange det svært godt, materielt sett. Samstundes får vi det stadfesta at dei som verkeleg tapar på dei gode tidene er dei som har lite frå før. Dette utfordrar oss som kristne. Som det står å lese i kyrkjemøtedokumentet Forbuk og rettferd frå 1996: «*Vi ber fram stor takk til vår Herre og Skapar for at vi lever i materiell tryggleik. Men på same tid ser Kyrkjemøtet at vi må gå føre og arbeide aktivt for opbrot og endringar, slik at Guds vilje med skapningen og skaparverket vert røyndom. Bibelen lærer oss dessutan at Gud tek parti for dei undertrykte.*»

Dyrkinga av det perfekte og det vellukka blir stadig viktigare, og i vår del av verda i dag finst økonomisk fridom og relevant kunnskap som kan nyttast for å verkeleggjere nokre av desse ideala. Mennesket har alltid streba etter eit betre liv, og vil alltid ha ein motivasjon til å nå endå høgare - også med andre menneske som synlege og usynlege offer. Mot ei slik tenkning bryt Jesu radikale bodskap. Når vi møter Kristi ansikt i våre medmenneske, og lærer at Jesus framfor alt er hos dei fattige i seg sjølve (Matt 5.3; Matt 25.40) får vi ei anna forplikting på verdien av menneskeleg liv og fellesskap.

Tilhøvet mellom Bibelen og menneskerettane kan enkelt illustrerast med at omgrepet «menneskerettar» var framand for dei som levde i den tida då Bibelen vart overlevert og nedskriven. Bibelen kan likevel være ei rik inspirasjonskjelde for eit menneskerettsengasjement, og kan også utvide perspektivet i høve til menneskerettane. Trass i at det samfunna på Jesu tid ikkje praktiserte noko likeverde mellom menneska, er likskaps- og rettferdsidealene endå meir eksplisitte i Bibelen enn nokon av menneskerettskonvensjonane rommar.

Utgreienda *For menneskelivets skyld - Den norske kirkes internasjonale menneskerettighetsengasjement* lister opp desse åtte grunnprinsippa for ei kristen forståing av menneskerettane:

- Tilhøvet mellom menneske og Gud er bygd på hans løfter om nåde og tilgjeving;

- Menneskeverdet kan ikkje krenkast av di livet og verdet vårt er gjeven av Gud;
- Gud har skapt alle menneske i sitt bilet, noko som ikkje tillet diskriminering;
- Alle menneske er syndarar, også i høve til andre, og menneskerettane set rett foran makt;
- Menneskerettane må forståast innanfor ei ramme av fellesskap, ikkje individuelt;
- I høve til naturen og andre levande skapningar kan ikkje rettane brukast mot skaparverket;
- Det er mogleg å oppgje rettane sine overfor andre menneske, men dette kan ikkje krevjast av andre;
- Kristen fridom i høve til Gud og grunnleggjande fridomar innanfor menneskerettstenkning er knytt til to ulike sfærar, og kan derfor ikkje samanblandast.

Sidan Bibelen og menneskerettane aldri kan bli samsvarande, av di dei har ulike grunngjevingar og ulike mål, vil vi også i dag finne døme på at Bibelen kan gje andre svar enn menneskerettane. Likevel ser vi mange gonger at kristne som i ei sak kan ha kritiske standpunkt av teologisk art, likevel kan arbeide for å fremje dei menneskerettslege sidene ved denne saka. Dette syner eit gjennomtenkt forhold til eigen teologi og menneskerettstenkning.

### **III ØKUMENISK ARBEID FOR MENNESKERETTANE**

Nå Kyrkjemøtet no skal gå djupare inn i menneskerettsspørsmål må vi også kjenne historia i kyrkja sitt bidrag til menneskerettane. Etter den første generalforsamlinga til Verdskyrkjerådet i september 1948 reiste mange av dei som hadde tatt del i etableringa av Verdskyrkjerådet direkte til New York og arbeidet med det som skulle bli Verdserklæringa om menneskerettane. Innsatsen til desse kyrkjeleiarane var viktig for at Verdserklæringa om menneskerettane vart eit slikt sentralt dokument i all ettertid.

Då teksta til Verdserklæringa om menneskerettane vart diskutert i 1948, var det lenge eit framlegg om at ordet «Skapar» skulle vere med i innleiinga til erklæringa. Dei meir og meir ateistiske austblokk-landa gjekk til slutt imot formuleringa om at mennesket har fått fornuft og samvit i Skapar-gåve («endowed by the Creator»).

Denne strykninga er ein illustrasjon på ei oppfatning som ofte har vore dominante. Mange meiner at menneskerettane og religion tilhører to ulike sfærar. Ei slik oppfatning er korrekt på den måten at dette er to skilde system, men ho er ukorrekt dersom ein tar som sitt utgangspunkt at desse to kan gje rikdom og forståing til kvarandre.

Sjølv om kyrkjeleiarar spelte ei sentral rolle for formulere Verdserklæringa, har kyrkja opp gjennom historia ikkje alltid vore like positiv til at det har vekse fram normsystemer som har andre kjelder enn dei bibelske. Trongen til å vere ei sann og tenande Kristi kyrkje har til tider blitt borte i trongen til å verne eigne privilegier og eigne kyrkjelege rettar. Det finst nok av eksempel på at kyrkje og stat - ofte i nære alliansar - ikkje har vore flinke nok med å arbeide for å fremje rettane til dei som trong det mest. Spørsmålet har heile tida kva grunnleggjande verdiar kyrkja skal bere med seg.

Også Jesu møte med menneske som jødane definerte som religiøst fråfalne og ureine, kan vi lære mykje av i dag. Møtet med både gamle og nye minoritetar er ein test på kor ope samfunnet er. Menneskeverdet kan også trugast når ei gruppe vil omforma andre oppfatningar og levesett til å passe med det ein sjølv har. Som synt i kyrkjemøtedokumentet «Urfolk i den verdsvide kyrkja med utgangspunkt i samisk kyrkjeliv» frå 1997, har Den norske kyrkja hatt ein blanda tradisjon i møtet med norske samar.

I møtet med det som bryt med tilvande oppfatningar, er det lett å la mistanken, frykta og hovmodet få råda. Vi er alle usikre i møtet med det som er framant. Det er vårt eige val om vi vil dyrke dei fordommane vi har, eller om vi vel å fokusere på det vi har felles, det vi kan lære, og det vi kan arbeide saman om. Like viktig er det å verdsette ulikskap, og bygge fellesskap

I ei kompleks verd er det lettare å la dei enkle kategoriseringane få råda grunnen. Når vi møter andre med oppfatningar knytt til deira medlemskap i ei sosial gruppe, er det samstundes vanskeleg å møte desse menneska med den respekten dei har krav på som ein skildindividar. Mange vert truga og utsette for vald med religiøs grunngjeving. Desse åtaka på verdet til det einskilde mennesket er det lett å ta avstand frå. Likevel har vi som kristne ikkje i stor nok grad løfta fram det enorme potensialet som ligg i å bruke kristendommen som ein kultur mot vald.

Dersom ein definerer tilhøva i Noreg med utgangspunkt i den norske majoritetskulturen, er det grunnlag for å hevde at vi bor i eit land der konfliktlinjene ikkje er djupe, eller har gitt grunnlag for alvorleg konflikt. Dersom ein derimot vel å ta utgangspunkt i dei minoritetane som lever i Noreg, teiknar det seg eit heilt anna bilet. Summen av tiltak med assimiliering som mål skapte utryggleik og identitetsforvirring. Tiltaka åpna vidare for vanskjøtsel og overgrep mot den einskilde, og kunne føre til splid internt i fellesskapet. For nokre vart tidlegare stoltheit erstatta med skamkjensle over eige opphav.

På same måten som menneskerettane er viktigast for dei som har det svakaste rettslege vernet frå før, må forkynninga tale til dei som treng dette mest. Jesus møte med menneske som andre ynskjer å halde utanfor samfunnet, er ei utfordring for oss å praktisere. Like utfordrande er det å leve i pakt med hans store tenerideal, som bryt radikalt med vanlege oppfatningar om rang og makt (Mark 10, 43-45; Joh 13, 12-16).

Generalt kan dei seiast at «gode kristne» ofte ikkje har vore flinke nok til å møte andre menneske med den respekten som vi kan lære frå Jesus. Kristne greide ikkje å forme nokon motkultur mot rasistiske, sosiobiologiske forklaringar, der kollektiv avstamming bestemte det verdet dei einskilde hadde. Også ynsket om å nå dei unådde, var med på å redusere terskelen for kva som var akseptabel atferd, sjølv om mykje misjonsarbeid har vorte gjort med stor respekt for dei ein verka blant.

Dette dokumentet går inn i ulike situasjonar der menneskeverdet er truga. I hovudsak finst utfordringane i samtid, der ei medviten kyrkje kan gå til kjelda for si tru for å finne svar på ei rekje spørsmål. Også nokre historiske døme på overgrep må vi ta med. Dette er gjort fordi det framleis er mange som har sine røynsler knytt til kyrkjeleg maktmisbruk. Vi må vere viljuge til å lytte til desse historiene, også fordi vi kan lære noko av dei i våre tilhøve til menneske og folkegrupper i dag. Vi må være å sjå at dei som blir forstått å vere overgriparar ofte har vore «gode kristne».

Heilt sentralt er det å peike på dei sentrale bidraga som har kome frå Den norske kyrkja til fremjing av menneskerettar internasjonalt. Her er det nok å nemne døme som Sør-Afrika og Mellom-Amerika, men også knytt til arbeid innanfor Det økumeniske tiåret for kvinner har Den norske kyrkja vore med på å sikre rettane til menneske som i mange land har eit svakt rettsvern.

Kyrkjemøtedelegatane vert ikkje bedne om å ta stilling til nokon ny menneskerettsstrategi for Den norske kyrkja. Arbeid for menneskeverd og menneskerettar er i dag ein integert del av verksemda i kyrkja. Likevel vil vi gjerne ha tilbakemeldingar på om det er nokre av utfordringane som er reiste i dette dokumentet som er særleg viktige at vi fylgjer opp dei nærmaste åra. Eit slikt arbeid kan gjerast i breitt samansette grupper som blir bedne om å kome tilbake til Kyrkjemøtet med konklusjonar og tilrådingar.

I mellomtida er det oppgåver som vi kan hjelpe til med. På lokalt nivå kan vi leggje endå betre til rette for at smågrupper i kyrkjelydane kan fremje menneskerettar når dei samlast, elevar på skulene kan nytte eit friminutt i veka til å få med seg klassekameratar til å skrive små brev til styresmakteene, i kristne samanhengar kan vi bidra med auka medvit, mellom anna i forkynninga. E-post har vorte eit verkemiddel for enkel informasjonstilgang. I vennskapsarbeidet er også menneskerettane framme i kommunikasjonen.

Sentralt skjer det også mykje arbeid. Ikkje alt arbeid er alltid like synleg i mediabiletet, men vi veit at det har effekt. Desse aktivitetane er verdsette blant medlemmene i Den norske kyrkja:

- Vi følgjer opp prioriterte land og prosessar som dei internasjonale økumeniske organa arbeider med, også som medlem av internasjonale delegasjonar.
- Vi støtter årleg over 50 organisasjonar gjennom Det norske menneskerettsfondet, der Kirkens Nødhjelp har styreleiaren i 1998 og Mellomkyrkjeleg Råd har hatt dagleg ansvar dei siste fire åra.
- Vi gjev direkte støtte til menneskerettsfremjande arbeid i regi av systerkyrkjene våre.
- Vi legg til rette for aktivitetar lokalt, også gjennom informasjonsmateriell, som bøker og informasjon- og liturgimateriell til Menneskerettssundagen og andre naturlege dagar.

Vi tar ansvar saman med andre norske organisasjonar for å drive menneskerettsarbeid framover, seinast i sommar gjennom Oslokonferansen om religions- og livssynsfrihet.

#### **IV MENNESKERETTANE REPRESENTERER NOKO NYTT**

Menneskerettane betyr ei endring bort frå tanken om at tilhøvet mellom borgar og stat bare er ei sak som vedgår styresmaktene. Menneskerettane set grensar for statleg maktutøving. Når menneskerettane i kjølvatnet av dei grusomme hendingane etter Den andre verdskriga fekk ei internasjonal erklæring, varsla dette ein ny tid, der verdssamfunnet vart gjeven ansvar for tilhøvet for borgarane i den einskilde staten.

Ideelt sett gjev menneskerettane objektive mål for eit trygt og verdig liv. Statane pliktar seg til å respektere, sikre og fremje menneskerettane, og kan bli stilde til ansvar dersom dei ikkje gjer det dei er plikta til. Sidan føresetnadene for at ein kan nyte dei ulike rettane er ulike avhengig av kvar ein bur, er det likevel vanskeleg å seie at rettane *i praksis* fungerer slik ein skulle ynskle.

Som internasjonalt samstemt normgrunnlag representerer likevel menneskerettane eit enormt framsteg. Gjennom Verdserlæringa og seinare konvensjonar, som er bindande for dei statane som har slutta seg til desse, har eit tenkjesett med opphav i franske og engelske opplysningsfilosofar om mennesket som berar av visse umistelege rettar - utvikla seg til å bli ein del av folkeretten.

Folkeretten har tradisjonelt regulert tilhøva mellom stater. Prinsippet om ikkje-innblanding i dei indre tilhøva i statane, kan fråvikast dersom overgrep mot sivilbefolkinga er omfattande. Særleg gjeld dette dersom overgrep også er eit trugsmål mot fred og tryggleik utanfor grensene til landet. Alt for ofte har vi sett konsekvensane av at det internasjonale samfunnet har observert passivt dei overgrepene som har skjedd, eller lett urett halde fram.

Dette dokumentet vil også problematisere tilhøvet mellom verdi og rettar, men vil innleie med å slå fast at menneskerettane sett standardar som er viktige for å fremje eit menneskeverdig liv for alle. Likeverdet som er gjeve oss som menneske skapt i Guds bilete, vert stadfesta i Verdserklæringa om menneskerettane.

Ei slik forståing er eit radikalt brot med mange kulturelle og religiøse tradisjonar, som set skilje mellom folk og byggjer på rangordningar. Framleis eksisterer slike tradisjonar, som kastevesenet i India, folkemord og forsøk på etnisk reinskning, også på vårt eige kontinent, slavearbeid på Den Dominikanske Republikk, redusert vekt på vitneprov frå kvinner i einskilde muslimske land, og diskriminering av menneske med annan hudfarge i vestlege land - også i Noreg.

## V MENNESKERETTANE I DET NESTE ÅRTUSEN

Menneskerettane har vorte sentrale premiss i all offentleg debatt. Endå klarare enn før har menneskerettane gjort det mogleg å grunngje internasjonal felles handling for å sikre menneskeverdet. Dette gjev også ulike kyrkjelege organ eit særleg ansvar for å vidareutvikle si eiga tenkning og sitt eige arbeid.

Denne saka er førebudd med føremål om å vise korleis arbeid med menneskerettar og menneskeverd heng saman. Gjennom 90-talet har det skjedd ei utvikling i teknologi, økonomi og jus som kyrkja har bare delvis har vore med å legge premissane for. Gjennom dette dokumentet vil vi syne nokre utfordringar og korleis kyrkja har arbeidd og kan arbeide med desse utfordringane framover. *Vi ber om at Kyrkjemøtet gjev tilrådingar for dei sakene som det er naudsynt å arbeide med framover, og i kva form eit slikt arbeid best kan skje.*

Som etiske forbrukarar kan vi bidra til å fremje menneskerettane. Arbeid med urfolk og minoritetar har kyrkjene i det siste fått augene opp for. Diakoni og arbeid med menneske med psykisk eller fysisk funksjonshemmning kan med fordel vere endå meir tydeleg på det menneskerettslege grunnlaget. Auka makt til dei som ynskjer å bruke menneskekroppen til eiga vinning, må vi vere merksame på. Og når vi no går mot eit nytt årtusen, ville misjonsengasjementet fått ei spennande forankring dersom dette arbeidet også hadde ein menneskerettsleg basis. Utfordringa er med dette gjeven!

Slik menneskerettstanken har gripe om seg, rører han ved stadig fleire sider av menneskeleg samhandling. To grupper som stadig vert trekte med i menneskerettsdebatten, er individ og selskap. Debatten om ansvaret desse har, har gjort arbeidet med menneskerettar meir interessant og meir komplekst, med endå fleire verkemiddel til disposisjon. Samstundes kjem det åtvaringar mot å gjere menneskerettane for vide; alt kan ikkje vere menneskerettar.

*Individ:* Det har kome framlegg frå ei gruppe med over 20 tidlegare statsleiarar om at vi no ikkje berre må løfte fram dei rettane vi har, men også dei pliktene og det ansvaret som følgjer med det å vere menneske. Framlegget om å arbeide for ei erklæring om menneskepliktar

(responsibilities) vert støtta av styresmakter som ser på den vestlege individualismen som eit hinder for å sikre alle menneskerettane, og ikkje berre dei sivile og politiske. Planen er at teksten skal bli eit vedlegg til Verdserklæringa om menneskerettane frå 1948.

Frå fleire organisasjonar, som Amnesty og Helsingforsfederasjonen, har det kome ei åtvaring mot dette forsøket. Uroa går ut på at dette forkludrar høvet til å gjere ein grundig gjennomgang av dei vedtekne konvensjonane og korleis desse er følgde opp nasjonalt. Tekstframlegget reduserer også merksemda på at det er styresmaktene som er ansvarlege for å respektere, sikre og fremje menneskerettane. Kort sagt finst det mykje ugjort på menneskerettsområdet som blir liggjande dersom perspektivet vert utvida for mykje, hevder desse organisasjonane. Dei får stød frå fleire vestlege statar.

Som kristne er ikkje pliktanken framand for oss. Vi ser også at kristne verda over og dei som tilhører andre religionar no finn saman i arbeid for felles verdiar og felles ansvar mot utbyttande og menneskefiendtlege kreftar. Tekstframlegget til erklæringa om menneskepliktar omtalar den gylne regel, respekt for andre og generell respekt for loven. Det vanskelege spørsmålet er *ikkje* om dette er sentrale utfordringar som det må arbeidast med framover, men om dette arbeidet skal knyttast til menneskerettane, der statane er dei folkerettslege subjekta.

Ei viktig hending på 50-årsdagen for Verdserklæringa er røysting over ei erklæring om menneskerettsforsvararar. Dette er viktig som støtte til dei mange som risikerer livet for å kjempe for andre si sak. Medan dei mange som står i ein dagleg kamp for menneskeverde og menneskerettar får støtte til arbeidet sitt, har styresmaktene i 1998 også lagt til rette for at einskildmenneske kan bli stilte til ansvar for sine overgrep - gjennom etableringa av Den internasjonale straffedomstol. Denne domstolen byggjer på internasjonal humanitær rett, også omtala krigens folkerett, som altså er noko anna enn menneskerettar. Dei overgropa som skal etterforskast og dømmast er av dei absolutt grovaste, som folkemord og krigslovbrot. Dette vert også ei styrking av ansvaret til einskildmenneske, også på det internasjonale nivået.

*Bedrifter:* Det er sentralt at vi torer å reagere på dobbeltstandardene til næringslivet heime og ute. Stadig fleire av sakene der klagar får medhald i Den europeiske menneskerettsdomstolen handlar om utbyggingsprosjekt som medverker til å krenkle menneskerettane til dei som blir ramma. Slik situasjonen er i Noreg i dag er det spesielt vanskeleg å stille dei statseigde eller -kontrollerte forretningsverksemndene til ansvar for deira verksemd i område der ei rekje menneskerettar vert brotne. Styresmaktene vil ikkje styre selskapa, og selskapa seier at det er styresmaktene som eig dei, og at vedtak derfor må treffast av regjeringa.

Ei bedrift kan ikkje stillast til ansvar for nokon internasjonal domstolsliknande ordning for brot på menneskerettane. Likevel finst mange måtar å arbeide på for å fremje menneskerettane. Bedrifta kan utvikle eigne menneskerettsstrategiar og tillate ulike organisasjonar - også kyrkjelege organ - å fylge opp praksisen. Mange selskap innser at dette faktisk er nødvendig. Vidare kan dei bruke den økonomiske tyngden dei faktisk representerer til å fremje menneskerettane, både gjennom direkte tiltak og - via sine eigne regjeringar - søkje å påverke politikken i landet der dei har aktivitet.

I slike saker kan faktisk norske styresmakter spele ei langt tydelegare rolle enn kva dei har gjort til no. Kyrkja er til stades i alle deler av verda og melder tilbake til mellom anna Den norske kyrkja kva for verksemd norske interesser er engasjert i. Sjølv om NHO har laga

oversikt over menneskerettskonvensjonar og presentert norske organisasjonar som arbeider med menneskerettar, også Mellomkyrkjeleg Råd, er det grunn til å frykte at vitjingar på kontoret til norske selskap vert viktige i tida framover.

Kriterier for investeringar av midler frå Opplysningsvesenets Fond skal skje etter klare etiske retningsliner. Sjølv om ikkje menneskerettar er nemnt eksplisitt, vil Kyrkjerådet følgje investeringane, for å sikre ei forsvarleg plassering.

## VI UTFORDRINGAR INTERNASJONALT

Vi vel å løfte fram dei sosiale og økonomiske rettane, som eit middel til å få desse sterkare inn i det internasjonale arbeidet. Å leve i eit internasjonalt kyrkjefellesskap der nokre lever i overflod og andre må kjempe for å overleve, er ei stor utfordring for oss alle. På bakgrunn av dei bibelteologiske og etiske forpliktingane som Den norske kyrkja har slått fast, er det tre sentrale menneskerettslege utfordringar som peiker seg ut:

- Globalisering og auka ulikskap, jf art 22, 25 og 28 i Verdserklæringa om menneskerettane
- Vald og etniske spenningar, jf art 29 i Verdserklæringa om menneskerettane
- Religionsfridom, jf art 18 i Verdserklæringa om menneskerettane

### Retten til mat blir broten kvar dag

Globalisering er nemninga på ei rekke prosessar som enkelt sagt betyr at det blir stadig færre fysiske og juridiske hindre for utveksling av arbeid, tenester og kapital mellom landa. I praksis blir det lettare å knyte band og kommunisere over store avstandar, men det betyr også at ulikskapane mellom rike og fattige auker. Kort sagt vil dei med låg eller inga utdanning, særleg i fattige land, tape mest på ei utvikling med auka globalisering og spesialisering. Det er desse negative sidene ved globaliseringa, der styresmaktene får mindre høve til å fremje menneskerettane, også dei såkalla velferdsrettane som retten til mat og husvere, som vi må ta stilling til.

Løysinga på fattigdomsproblema og matmangel må finnast ein kombinasjon mellom naturgitte, internasjonale økonomiske og nasjonale politiske tilhøve. Dei seinare åra har rammevilkår vorte viktigare som forklaring på kvifor nokre land greier seg utan sveltkatastrofer, medan i andre land er dette eit tilbakevendande problem. Desse rammevilkåra er alt frå jordfordeling, tilgang på billege lån, eksistensen av ei fri og kritisk presse, til moglegheiten til å gje matvaresubsidiar og sikre ein open budsjettprosess.

Retten til mat er grunnleggjande. Uten denne vert det vanskelegare å innfri dei andre rettane, mellom anna vert det vanskeleg å oppnå utdanning dersom konsentrasjonen er svekka eller dersom mykje tid må brukast til å dekke basisbehov. Einkvar politikk må vurderast ut frå effekten på dei fattigste. Med denne forståinga blir det ei tilsløring å seie at indikatorane er positive dersom den makroøkonomiske veksten viser framgang medan dei fattigste vert fattigare.

Dei økonomiske oppskriftene som har vorte utforma ved universitet i Chicago og finansinstitusjonar i Washington har nettopp hatt denne tenkninga om nasjonaløkonomisk vekst som det sentrale. Auka eksport, reduserte offentlege utgifter og nedskriving av valutakursen skulle skape inntjening av hard valuta, hovedsakeleg for å betale på ei framleis aukande gjeld. Framfor å produsere mat til eige behov skulle det no satsast på eksport. Alle land fulgte dei same påleggja og prisene på dei produkta som vart eksporterte sank drastisk.

Inntektene og matsikkerheten sank, og dei som tener på dette, er forbrukarane i Nord. Det er på dette grunnlaget kyrkja må arbeide med u-landsgjeld, uansvarleg valutaspekulasjon og rettferdige handels- og investeringsvilkår. Vi kan ikkje støtte system som skapar auka ulikskap mellom rike og fattige.

Sjølv om denne framstillinga må bli skissemessig, der det ikkje skal nektast for at visse reformer i den økonomiske politikken var naudsynt, viser dette konsekvensene av ikkje å ta menneskerettane på alvor. Internasjonalt er det vanskeleg å finne semje om korleis hensynet til økonomiske sosiale og kulturelle rettar skal integrerast i verksemda til internasjonale organisasjonar. Verdsbanken har no utarbeidd eigne retningsliner for prosjektmplementering i område der det bur urfolk, men deler av Verdsbankens arbeid kan framleis vere til skade for dei lokale tilhøva.

Retten til mat kan svekkast som følgje av naturskapte årsakar. Dette er den alminnelege forklaringa. Det som no blir meir og meir tydelig, er at ulike former for «utvilingsprosjekt» er med på å redusere moglegheten til å brødfø seg sjølv. I samband med Verdskyrkjerådet sit arbeid med dei fordrevne (uprooted people), kunne dei dokumentere at opp til ti millioner menneske kvart år blir tvangsfordrivne som ei følgje av ulike former for ressursuttapping. Dei færreste av desse får tilhøve som er minst like bra som situasjonen var før dei vart fordrivne.

Kirkens Nødhjelp er ynskjer å vere ein rettighetsorganisasjon, slik vi kan lese i boka *Håp for verden - Kirken og menneskerettighetene*. Dette har i lang tid betydd arbeid med dei grunnleggjande årsakene til fattigdom, men i det siste har også konkrete synlege brot på menneskerettane vorte ei viktig sak for organisasjonen. Noko av dette arbeidet vert gjort i tett samarbeid med mellom anna Mellomkyrkjeleg Råd.

*Oppmodinga* til Kyrkjemøtet må særleg vere knytt til oppfølgjinga av Forbruk og rettferd-dokumentet. Konkrete utfordringar er knytt til dei vala vi gjer som forbrukarar og som forvaltarar av enorme verdiar - i verdsmålestokk. Giverteneste for kyrkjelyder og einskildmenneske må stadig løftast opp, slik alt arbeid med dei større spørsmåla også må sjåast på som menneskerettsarbeid. Norske styresmakter har ein stor oppgåve i å arbeide meir aktivt for økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Statane er delt i ei klar Sør-Nord-akse knytt til vektlegginga av desse rettane. Noreg er ikkje lengre den støttespelaren for interessene frå Sør som vi var tidlegare, og vi må ha forventning om at den nye gjeldsplanen fører til at Noreg no kan støtte dei fattigste landa i deira analyse av samanhengen mellom gjeldsbyrde og verkeleggjering av menneskerettane.

### **Er kristendomen ein kultur mot vald?**

Det Jesus har lært oss, er i sanning eit godt grunnlag å byggje på for å demme opp for vald. Han sto for ein bodskap som kan vere vanskeleg å skjøne også i dag: *“Elska fiendane dykkar, gjer vel mot dei som hatar dykk”* (Luk 6.27). På bakgrunn av det vi kjenner frå livet til Jesus, er det ikkje så interessant å drøfta om Jesus var pasifist eller ikkje. Han levde eit liv som fredsfyrste sjølv om han ikkje la skjul på at eit liv for å breie ut evangeliet også kunne føre til splid og konflikt.

Som reaksjon på ynsket frå mange av medlemskyrkjene har Verdskyrkjerådet sett i gang Program for å ta kampen opp mot vald (“Program to overcome violence”). Ei rekke av systerkyrkjene våre lever i ein svært pressa situasjon, der t.d. sosialt arbeid blir forstått å ha

politiske dimensjonar. Dei som vel å ta del i dette arbeidet, veit at dei gjer det med ein risiko for å bli fordrivne eller drepne. Desse lidingane må vi tote å ta inn over oss.

Det er kyrkjene som gjennom sitt sosiale arbeid i stor grad blir sittjande att med konsekvensane av ei militarisering og valdeleggjering av samfunnet. På denne bakgrunnen er det ikkje overraskande at kyrkjer er blant dei som kjempar hardast for å gjere tilgangen på våpen meir avgrensa. Norsk våpenindustri skal ikkje eksportere til land med krig eller der krig truar, men dessverre ser vi at både ferdige våpen og delleveransar til våpen har havna i land der sivilbefolkninga har vore særleg hardt ramma.

Vald og drap på uskuldege er eit overgrep mot den mest grunnleggjande retten av alle; retten til liv. USA forsvarar sin praksis med dødstraff. Dette vart mellom anna gjort under Menneskerettskommisjonen våren 1998 i eit krasst innlegg mot Spesialrapportøren for utanomrettslege og vilkårlege henrettningar, som vitja USA i september-oktober 1997. USA var sterkt krenka over konklusjonen frå denne vitjinga, som sa at ordninga med dødsstraff i USA var i strid med internasjonale menneskerettar. Den hemntanken som ligg til grunn for dødsstraffordninga i alle land der ho blir praktisert er med på å redusere respekten for menneskeverdet. Som kristne må vi gå imot ei slik ordning.

Vald er ofte noko ein vert opplært til. I mange familiar foregår det overgrep, både fysisk, psykisk og seksuelt. Når nokon på denne måten tilranar seg ei slik makt over andre, er dette ein himmelropande urett som vi må arbeide med i kyrkja, gjennom sjelesorg, rådgjeving, hjelpetilbod, der Kirkens Familievernkontor og Kirkelig ressurssenter for mishandlete kvinner er norske døme. Om ein vert fredsarbeidar eller valdshissar vert oftest bestemt i heimen.

Vi ser her at konfliktane finst på mange nivå, men felles for alle nivåa, er at den verdsvide kyrkja er til stades og kan hjelpe og heile. Av og til er det også viktig å gå inn i politiske prosessar, slik vi får synt med Kirkens Nødhjelp si deltagning i Norwegian Initiative on Small Arms Transfer (NISAT), som arbeider for å avgrense våpenleveransar mellom landa. Andre organisasjoner arbeider for å endre norsk våpeneksport. Av omsyn til dei som vert offer for militære overgrep, er det viktig med støtte til desse initiativa.

Den norske kyrkja har gjennom sine vedkjenningsskrifter, særleg Confesso Augustana art. 16, lagt seg på ei ikkje-pasifistisk linje. Desse vedkjenningane er det andre kristne kyrkjesamfunn som ikkje kan stille seg bak. Grunngjevingane er mange, mellom anna dette Kristusordet: "*Den som grip til sverd, skal falla for sverd*" (Matt 26.52). Av historia ser vi at kristne som har vore med i kyrkjer som har stått langt frå den politiske makta, ofte har vald pasifisme med ei kristen grunngjeving. Dei kyrkjene som har hatt tettare band til styresmaktene har i langt mindre grad problematisert dette tilhøvet.

Mange land gir ikkje reell moglegheit til å velje alternativ til militärteneste, i tråd med retten til samvitsfridom i artikkel 18 i Konvensjonen om sivile og politiske rettar. Noreg støtta i 1998 eit framlegg i Menneskerettskommisjonen i Geneve om militärnektarar. Det vart framhalde at militärnekting eller desertering kunne føre til forfølging eller fengsling. På denne bakgrunnen må desse kunne rekna som flyktningar etter Flyktningekonvensjonen frå 1951, riktignok ikkje på grunnlag av bare denne handlinga for å unngå å ta del i eit militærapparat. I ei tid då krigane får karakter av å vere retta mot folkegrupper, og sivile er svært utsette, må vi

rekne med at mange vil gjere nytte av samvitsfridomen sin, særleg i land med ein aggressiv, nasjonal-sjåvinistisk kultur.

*Oppmodinga* til Kyrkjemøtet er å vurdere kva mentale og materielle føresetnader som skapar vald. Kva kan vi som kyrkje bidra med for å gjere noko med årsakene til eller lindringa etter at vald er utført. Norske styresmakter har eit ansvar for våpenhandelen frå Noreg. Freds- og forsoningsarbeidet som er gjort med norsk økonomisk og moralsk stød er eit prov på kva moglegheiter som finst i langvarig og ueigennytlig handling. Auka engasjement mot vald i Noreg må også vere prioritert.

### **Religiøs ekstremisme er umenneskeleg og uevangelisk**

Med ekstremisme må vi forstå ei grunnleggjande haldning om at eige trusgrunnlag, uansett korleis dette er grunngjeve, må fremjast også om dette går ut over demokratiske tradisjonar, viktige samfunnsinstitusjonar eller andre menneske. På denne bakgrunnen blir utøving av vald eit sentralt element i ei ekstremistisk tenking. Vi ser ein tiltakande religiøs ekstremisme i mange område av verda, noko som klart rammar kvinner hardast. Medan kvinnene er ofre, er det mennene som er ideologiske leiarar og samstundes aktive utøvarar av valden.

Den Jesus som seier: "*Lat ikkje hjarta dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg!*" (Joh 14.1) har aldri vore talsmann for at religion skal brukast til å tvinga andre i kne eller utøve vald mot andre. Slik vi no ser det, øver mange skam på evangeliet spesielt og på religionane generelt ved ei slik framferd. Ekstremismen oppstår når ulikskapen mellom sosiale, etniske eller religiøse grupper blir konstruert til å vere så stor at det ikkje lenger er mogleg for visse grupper å leve saman.

Religionsfridomen er sikra i artikkel 18 i Konvensjonen om politiske og sivile rettar. Ei viktig presisering av menneskerettane står i artikkel 29 i Verdserkæringa om menneskerettane. Ein skal sikre rettane og fridomen til andre når ein sjølv utøver sine eigne rettar. Ikkje minst i høve til religionsfridom er dette heilt sentralt.

Oslokonferansen om trus- og livssynsfridom vart arrangert i august i år av Samarbeidsrådet for trus- og livssynsorganisasjonar. Mellomkyrkjeleg Råd er med i dette samarbeidsorganet, og hadde det overordna ansvaret for denne konferansen. Oslo-erklæringa som vart vedteken fordømte overgrep i namnet til religionane, og la grunnlaget for å etablere ein koalisjon for å styrke arbeidet med religionsfridom internasjonalt. Utfordringane er store.

Arbeidet med religionsfridom har gått langsomt. Heilt frå byrjinga av 60-talet har det vore eit ynskje om å få vedteken ein konvensjon mot religionsdiskriminering, slik vi har det for rasediskriminering. I 1981 kom Erklæringa om avskaffing av alle former for diskriminering og intoleranse knytt til religion eller livssyn. Det er ikkje realistisk å forvente at denne erklæringa vil fører fram til ein folkerettsleg konvensjon. Når vi i dag har ei erkjenning av at dette arbeidet ikkje vil føre fram, og i verste fall kan svekke rettsvernet mot religionsdiskriminering, må andre verkemiddel nyttast.

Eit døme på at ei kyrkje har gått aktivt inn for å innskrenke religionsfridomen kan vi finne i Russland. Fire religionar vert offisielt anerkjente i den russiske religionsloven frå oktober 1997. Både islam, buddhisme og jødedom vart gjeven same status som kristendommen - i sin

ortodokse form. Kritikken mot lova har snarare kome mot dei mange restriksjonane som ikkje-ortodokse kyrkjesamfunn blir møtt med.

Som medlem av Europarådet er Russland bunden av Den europeiske konvensjonen om menneskerettar og fundamentale fridomer frå 1951. Både ytringsfridomen og organisasjonsfridomen, i tillegg til religionsfridomen kan vere krenka i og med denne lova, men det har ennå ikkje kome nokon rådgjevande vurdering av denne lova frå internasjonale juridiske organ. Religionsfridomen vil derfor ofte henge saman med andre sentrale rettar. Russland kan på ingen måte framstå som noko generelt døme på religiøs ekstremisme, men er likevel ein interessant illustrasjon på at ønsket å verne eigne privilegiar kan meføre at menneskerettane vert skyvne til sida.

Vi kan finne religiøs intoleranse og ekstremisme i alle religionar. Oftast er dette knytt saman med graderingar av folkegrupper innanfor eit meir eller mindre uttrykt politisk program. Dei religiøse leiarene må derfor vere svært påpasselege med å verte brukt i - eller sjølv oppmoda til - slik politisk agitasjon.

I Rwanda, som bar nemninga "det mest kristne landet i Afrika", har kyrkja mista mykje av sin legitimitet av di viktige personar i kyrkja tok del i ugjerningane i 1994. Samstundes greide ho aldri å byggja ein kultur av toleranse då landet trong det som mest. I Colombia, eit land med ei sterk katolsk kyrkje, har sentrale deler av kyrkja vore passiv i møte med den tiltakande valden i samfunnet, noko som i stor grad har endra seg på 90-talet. Valden i Colombia er meir politisk motivert, men økonomisk vinst er i mange regionar av landet vel så viktig som ideologi.

Buddhismen har kanskje det mest fredsæle trusgrunnlaget av alle religionane. Dette hindrar likevel ikkje at buddhistiske regime og andre grupper med tilgang på våpen, kan utøve ein hardhendt politikk overfor andre etniske grupper enn den regimet byggjer maktbasen sin på. Dette ser vi t.d. i land som Bhutan, Burma og Sri Lanka. Også ein tiltakande hindusjāvinisme representerer eit problem for sameksistens, noko som også inneber alvorlege brot på menneskerettane.

I mange muslimsk-dominerte land, som Syria, Egypt og Tunis, er styresmaktene ofte bevisste på at dei styrer ein sekulær stat, og slår ofte hardt ned på alle uttryk for sterk islamsk tru. Ulike former for minoritetsrepresentasjon er sette i verk for å unngå ein for sterk islamsk dominans. I mange muslimsk-dominerte land, som Iran og Saudi-Arabia, er det likevel andre organ enn parlament og regjering som har den reelle makta, og i mange land er ikkje ordensmaktene interessa i eller i stand til å hjelpe ofre for overgrep. Uilke lover som innskrenkar religionsfridomen blir no vedtekne i statar der muslimar er i overtal. Dei religiøse minoritetane vel av og til å flytte ut av landet.

Den kanskje mest alvorlege praksisen i nokre av dei muslimske landa, kanskje framfor alt i Pakistan, er overgrep frå muslimer på unge jenter og kvinner. I visse regionar finst dei som ber vidare ein tradisjon om at den mannen ei kvinne først har samleie med, må ho gifta seg med. Ein valdtekst er ei enorm krenkjing av kvinne, samstundes som ho i nokre tilfelle ikkje har noko anna val enn å ta mannen til ekte. Dersom ho er motviljig til dette, har regelrette kidnappingar funne stad. Dersom ho ikkje vel å gifte seg, kan dei sosiale utstøytingsmekanismane tre i kraft. Ein slik praksis kan på ingen måte tilskrivast muslimske

menn eller islam generelt. Det er viktig å skilje mellom kva som er tradisjon og kva som er religion. Ikkje minst sett i lys av det vi i vesten vil sjå som sterkt undertrykkjande, knytt til kvinneleg omskjæring, er slik kunnskap viktig for å kunne arbeide med haldnings- og handlingsendring.

*Oppmodinga:* Vi må gje stød til dei kyrkjene som lever under vanskelege tilhøve. Viktig er det pastorale vitjingsprogrammet til Sudan og Rwanda i regi av Norges Kristne Råd, i tillegg til ulike kyrkjecontaktar som både Mellomkyrkjeleg Råd og bispedømmeråda har. Det er også viktig å lytte til dei innvendingane om at Den norske kyrkja ikkje har ei klar nok menneskerettsleg forankring i synet på nye fleirkulturelle utfordringane, mellom anna i skulen. Norske styresmakter kan søkje å hjelpe dei som flyktar frå slike umenneskelege overgrep. Svært få religiøst forfulgte får asyl i Noreg samanlikna med nabolanda våre. Dei diplomatisk kanalene må nyttast for å sikre toleranse og respekt, særleg for religiøse minoritetar.

## VII UTFORDRINGAR I NOREG

Sjølv sagt er ei rekke av utfordringane knytt til den norske konteksten også relevante for ei internasjonal ramme. Dei tre utfordringane nemnt i avsnittet om Noreg har samanheng med lovar, reguleringar og verdisett som har norsk forankring, medan ei rad andre utfordringar heilt klart må sjåast i ein internasjonal samanheng. Vi har vald ut desse tre hovedpunktene for å belyse menneskerettslege utfordringar i Noreg:

- Retten til liv, jf art 3 i Verdserklæringa om menneskerettane
- Forbod mot umenneskeleg behandling, jf art 5 i Verdserklæringa om menneskerettane
- Forbod mot diskriminering, jf art 2 i Verdserklæringa om menneskerettane

### Perfekte barn og eigarskap av mennesket

Den norske kyrkja har tidlegare gjort eit grundig arbeid med spørsmål knytt til bioteknologi og menneskeverd. I utgreininga *Mer enn gener* frå 1989, lagt fram for Kyrkjemøtet denne hausten, vart også den meir spesifikke genteknologien drøfta ut frå eit kristent menneskesyn. Her blir det mellom anna peika på den enorme etiske utfordringa som ligg i gentesting også av barn i mors mage for å kunne gje framskrivingar av sjukdomsbiletet til desse. Stadig fleire av dei meir enn 2000 sjukdommar som er av genetisk art, kan diagnostiserast på stadig tidlegare stadier. Rapporten *Mer enn gener* peika på 72 sjukdommar som kunne diagnostiserast på det tidspunktet denne rapporten kom ut.

Den moderne forskinga søker å kontrollere stadig fleire sider ved mennesket sin biologi. Mykje av denne forskinga er svært verdifull, ved at sjukdommar no kan forståast mykje betre og dermed behandlast betre. Diagnosistering av sjukdom på fosterstadiet kan no gjerast enda meir nøyaktig som fylge av den vitskaplege utviklinga innanfor bio- og genteknologi. Dette kan føre til at sorteringa av dei med ulik funksjonsdugleik skjer rasjonelt og kynisk, innanfor legale rammer og med medisinsk ekspertise som grunnlag for vedtak.

Bioteknologilova skal reviderast i 1999, fem år etter at ho vart vedteken. Regjeringa har indikert at ho ynskjer at det skal bli vanskelegare å undersøke og eventuelt sortere egg før de blir befrukta med prøverørsmetoden. Noreg har alt i dag ein meir restriktiv lov enn Sverige. I dag vert par som vil ha barn med prøverørsmetoden bedne om å reise til Sverige, der lova opnar for meir omfattande kontroll er. Kontroll og eventuelt sortering skjer etter befrukting -

på 8 celle-stadiet. På denne måten kan foreldra sikre seg barn utan alvorlege sjukdomar. Offentleg tilskott gis til dei som vel å reise til Sverige.

Helse- og sosialkomiteen vedtok i juni 1998 å be regjeringa fremje forslag om revisjon av lov om medisinsk bruk av bioteknologi, slik at det blir gitt høve til å drive oppsøkjande genetisk rettleiing. Dette opnar opp for at lækjarar må melde frå til slektingar om at pasienten ber på ein alvorleg genetisk arveleg sjukdom - dersom pasienten sjølv ikkje ynskjer å gjere dette

Forskinga kan ha mykje postivt å bidra med for å forstå og få tidleg informasjon om sjukdomar, slik at behandlinga vert betre. Nokre av dei sjukdomane som vert påviste, er det ikkje knytt nokon kur til. Vurderingar om *dersom* og *når* sjukdomar vil bryte ut, set individet i stand til å ta eigne val. Slik informasjon må skiljast frå vurderingar av om barn skal få lov til å vekse opp. Om det skal oppmodast til auka fosterdiagnostikk, særleg knytt til dei som er i risikogruppa for å få sjukdomar der det ikkje finst behandling, reiser dette andre dilemma.

Svært få av dei sjukdomane som kan påvisast, kan lækjast gjennom tett oppfølging gjennom svangerskapet. Det er i lov om medisinsk bruk av bioteknologi krav om at genetiske undersøkingar på barn berre skal skje dersom tilgjengeleg behandling finst, medan slike krav ikkje gjeld for barn i mors liv. Her er det tilstrekkeleg at genetiske undersøkingar skal ha eit diagnostisk siktet mål, og selektiv abort er den «behandlinga» som gis. Det er framleis ein relativt liten del av mødrane, berre 40 prosent av kvinner over 38 år, som tek imot tilbodet om fosterundersøkingar med vanleg kromosomanalyse. Dette syner at mange er engstelege for ei utvikling der forsking og industri saman definerer kva som er det korrekt menneskelege.

I nokre land kan ei slik gentesting for å undersøkje sjukdomar få eit klart forretningsmessig preg. Både diagnose og behandling kan ein kjøpe, og banda mellom forsking og industri er tette. I nokre land kan ein også få kunstig befrukting der ein kan velje sæd frå rette sædgjevarar og slik sikre seg perfekte, lytefrie barn - dersom ein har pengar. Handel med kroppsdelar har vorte ei stor næring i mange land, og nokre går så langt at dei kan drepe for å få tilgang på dei rette organa. Når dei kommersielle interessene får råda grunnen åleine, blir mål for eit menneskeleg verdi dei vi må fremje i pakt med ei kristen grunnhaldning.

Trugsmålet mot menneskeverdet blir enno større dersom ei slik tenking får støtte frå lækjarane. I samband med ei offentleg utgreiing om gentesting i samband med Downs syndrom kom Rådet for legeetikk under Den norske lægeforening i 1993 med denne vurderinga:

«Det at man ønsker å redusere antallet individer med disse lidelser, er det godt generelt etisk og medisinsk belegg for.» Sjølv om seinare presiseringar viser at målet er «ikke utryddelse av individer, verken fødte eller ufødte,» syner dette ei tenking som gjev mennesket verde etter funksjonsdugleik. Dette er også i strid mot menneskerettsideala.

Også knytt til norske styresmakter sin bruk av omgrepene autonomi eller sjølvråderett, ser vi konturane av eit menneskesyn som vi må ta avstand frå. Ofte vert slik evne til å ha kontroll over eige liv knytt til menneskeleg verdi. Eit døme kan tydeleggjere dette, frå NOU 1990:1 om Moderne bioteknologi. På side 87 les vi: «Menneskets egenverdi har sammenheng med dets autonomi (selvbestemmelsesrett).» For dei som ikkje kan utøve ein slik sjølvråderett over eige liv, er det vanskeleg å lese dette anleis enn at dei har eit anna verde. Dette arbeidet som vart lagt fram i denne utgreiinga var viktig i arbeidet med bioteknologilova nokre år seinare.

Kyrkjemøtet uttrykte i 1996 under saka Forbruk og rettferd «bekymring over inngrep i menneskelege arvestoffar grunngjeve i reine nyttevurderingar.» Slik mange urfolk har røynd at deira biologiske plantemateriale har vorte patentert og kommersialisert, er mange no usikre på kva denne koplinga mellom biologisk forsking og kommersielle interesser vil føre med seg. Menneskegener har alt vorte patentert av utanlandske selskap i Noreg hjemla i norsk lov, og i USA har denne utviklinga kome enda lengre. Eit selskap i USA har teke patent på navlestrenget til mennesket, slik at dei som vil nytte denne, må betale ei avgift til selskapet. Eit anna selskap søker - og får innvilga - patent på gensekvensar i eit omfang som kan føre til at delar av mennesket vert eigmendt av dette selskapet.

Human Genom-prosjektet er initiert med det mål å kartleggje genmaterialet i alle dei menneskelege kromosomane. Utviklinga av prosjektet skjer hovudsakleg i USA. Målet er å kjenne menneskekroppen endå betre. Slik forsking går no svært raskt, og dei kommersielle interessane har dei siste åra vorte langt meir involverte. Sterke interesser ynskjer at patent ikkje lenger skal avgrensast til eit og eit land. Ein aukande del av dei biologiske patenta som vert innvilga, går til transnasjonale selskap. Ei rekke etiske omsyn er truga. Det vert ein konkurranse om å kontrollere sjølve mennesket.

Patentering gjer det lettare å skaffe seg informasjon om den forskinga som faktisk vert gjort. Ved at patentar er offentlege, er det mogleg å samle seg denne oversikten lettare enn dersom alt skjedde løynd innanfor den einskilde verksemnda. Dette argumentet er relevant, men likevel går utviklinga i retning av at kontrollen over skaparverket blir liggjande hos få store transnasjonale selskap. Motiva deira skal ein ikkje mistenkjeleggjere i utgangspunktet, men konsekvensane er ein auka monetarisering og kommersialisering av natur og arvestoffar.

Den norske regjeringa har meldt klare reservasjonar for ei utvikling der respekten for liv og skaparverk vert redusert gjennom å la marknadskrefte råda fritt. Denne haldninga vil bli testa når Noreg gjennom EØS-komitén får lagt seg føre eit EU-direktiv om rettsleg vern av såkalla bioteknologiske oppfinningar. Den raske utviklinga vi no har vore vitne til, var det ikkje mange som kunne spå for ei tid tilbake.

Særleg er det mange vanskelege vurderingar knytt til lækjing for sjukdomar. Forskinga som skjer på menneskekroppen, med den råderetten over mennesket som følger i kjølvatnet av dette, vert ofte marknadsført ved hjelp av sjuke personar. Vi må løfte opp omsynet til liv og verde, og det er ingen grunn til å tru at industrien ikkje deler desse motiva. I framtida vil vi likevel sjå at profitomsyn knytt til menneskekroppen blir viktigare.

*Oppmodinga* til Kyrkjemøtet blir å halde fram den kristne menneskeverdstanken i møte med desse utfordringane. Som kristne er vi forplikta på å arbeide mot eit slikt sorteringssamfunn, utan å hevde lettvinne løysingar med påstandar om at dette ikkje er noko problem. Den utviklinga vi no ser, er også eit trugsmål mot dei som har vorte fødde med ein genetisk sjukdom. Nå dette mennesket ser at ein eigentleg er eit «kasseringsobjekt» er gjev dette klare signal om ei utvikling vi som kyrkje må kjempe i mot. Norske styresmakter må ha eit medvitent tilhøve til lovutvikling, ettersyn og tildelingar. Det er mogleg å halde fram menneskeverdet i møte med ei utvikling som opnar opp for ei gradering av dette verdet.

## **Har alle menneske i Noreg dei same rettane?**

Dei sentrale utfordringane er knytt til svært ulike grupper av menneske: Dei intelligente, men fysisk funksjonshemma menneska, menneske med medfødde eller andre psykiske lidingar, mennesker med alvorlege og døydelege sjukdomar, rusbelasta menneske og personar som kjem hit frå andre land. Når desse er nemnd i det same kapittelet må ikkje dette bli forstått som forsøk på å sette desse menneska i same kategori. Det er tvert om høgst ulike måter vi må gå fram på for at dei sjølve kan melde eigne ynskjer for korleis menneskerettane deira kan sikrast. Det grunnleggjande utgangspunktet for dette kapittelet er at dei ulike haldningane vi har når vi møter menneske som på ulike måter må kjempe for å bli integrert i samfunnet innverkar på om desse får dei rettane dei har krav på.

Vi kan lære mykje av Jesu møte med dei som vart sett utanfor samfunnet av di dei vart sett på som ureine. Jesus møter dei som andre unngår å møte, prega av omsorg, respekt og likeverd. I si samtid var dette oppsiktsvekkjande. Diskusjonen om Jesu lækjing av sjukdomar har likevel mange strevd med: Var det naudsynt å knytte synd og sjukdom så tett saman, slik ein kan få inntrykk av gjennom lesnad av evangelia (Mark 2, 1-12, Joh 9, 1-7)? Slik historiene syner oss, er desse møta med personer som ynskjer å bli friske frå ein sjukdom, fortalde for at vi skal lære om Jesu makt og «for at Guds gjerningar skulle bli synlege» (Joh 9,3). Vi må sterkt ta avstand frå eitkvart forsøk på å framstille sjukdom og straff som samanbundne.

Jesus valde å gå saman med dei som vart plasserte utanfor samfunnet. Dei spedalske vi lærer å kjenne gjennom bibelforteljingar, kan vi også møte i dag. Mange av dei som lever som HIV-positive eller med andre sjukdommar, opplever isolasjonen frå omverda som ein like alvorleg liding som den sjukdommen dei er ramma av. For kyrkja med sitt diakonale kall er dette ei stor utfordring, som særleg blir følgd opp av organ som Kirkens Bymisjon og Landsforeningen mot AIDS. Likevel er det avgjerande at vi torer å vere inkluderande, vi må hjelpe dei lidande både for å gjere forkynninga truverdig, men også fordi våre medmenneske treng det. Narkomane og prostituerte er døme på menneske som vi i Noreg kan gjere noko for - for å skape eit menneskeverdig liv for dei og opne augene hos oss.

Helse og lukke er alltid sett på som tett samanlevde. I dag er vi i stand til å bruke enorme summar på helse, velvære og utsjånad. Kva betyr dette for dei som er sjuke, der både utsjånad, velvære og økonomi er prega av dette? Kyrkja kan gje den tilstrekkelege lindring og trøyst. Forventningar om enkle løysingar på problema, slik dette ofte vert framstilt i media og reklame, vil ofte skape fleire problem enn løysingar.

Lidinga er noko vi må leve med, og dei som sit med slik liding tett inn på kroppen, må fortelje oss korleis vi møter dei for at skal få nyte godt av dei rettane som vi alle har krav på. Kyrkja har vald å ta del i lidinga i verda, både den vi sjølv røyner og den vi blir fortalt om og ser. Den teologien som gjer oss i stand til å høyre ropa om smerte, som kan gje konkrete svar til dei som lid og som ikkje vert oppfatta som overberande eller nedlatande, er ein robust teologi.

Korkje stat eller kyrkje kan likevel sikre retten til den høgast oppnåelege helsestandard både fysisk og psykisk, slik det er slått fast i artikkel 12 i Konvensjonen om sosiale, økonomiske og kulturelle rettar. Kva samanheng er det mellom omgrepene verdig liv og livskvalitet? Det er mange som lever i omstende vi utan å tvile ville ha kalla uverdig. Desse lever med andre ord med daglege brot på menneskerettane deira. Kva som er eit uverdig liv materielt sett treng ikkje henge saman med därleg livskvalitet emosjonelt eller relasjonelt.

Det er mange som aldri vil kunne leve slik artikkel 12 i Konvensjonen om sosiale, økonomiske og kulturelle rettar definerer, ein definisjon som også liknar på definisjonen nytta av Verdas Helseorganisasjon. Denne definisjonen er både ein illustrasjon på uretten i verda, på menneskerettane sine avgrensningar, og han kan også i praksis vere ein hånd mot dei mange som aldri vil kunne sikre seg ein «høgast oppnåeleg helsestandard».

I Noreg har lov om psykisk helsevern no vore i funksjon eit knapt år. Frå kyrkjas side var det lite deltaking då denne lova vart vedteken. Noreg har med denne lova fått vide rammer for fysisk maktbruk mot personar med psykiske lidingar. Som påpeika av Institutt for menneskerettigheter ved Universitetet i Oslo i arbeidet med denne lova, gjer dette norske standarder som ligg under internasjonale menneskeretsstandarder. Sjølv om politikarane som var med og vedtok lova, understreka at ho opna for slik maktbruk berre untaksvise, finst det likevel nok av døme på at mange menneske er utsett for ei umenneskeleg behandling i institusjonane.

Amnesty International har i dei seinaste åra kommentert norsk fengselspraksis. Omfattande bruk av varetektsfør tiltale er teken ut og fengselsforvaring av utlendingar der styresmaktene tviler på identiteten deira, er eit problemfelt som stadig vert nemnd i rapportane frå Amnesty. Også handsaminga av personar med psykiske problem i fengsla har skapt uro hos organisasjonen. Samfunnet er tilpassa dei som greier seg bra, medan dei som verkeleg treng rettsvern, anten dette er heimla i nasjonal eller internasjonal lov, i liten grad får dette vernet.

Framlegg til endringar til utlendingloven, lagt fram våren 1998, heimlar for å utvise ved innreise asylsøkjarar som har psykiske lidingar. Grunngjevinga er tydelig nok, det er viktig å verne nordmenn mot farlege personar, også dei som har hatt vondre krigsopplevelingar. Samstundes er det viktig å spørje kva som vil skje med dei som på denne måten vert avviste. Med den kapasiteten som er utvikla for psykososial oppfølgjing av flyktninger som kjem til Noreg, burde vi vente ein større gjestfrihet for desse.

Vi må vere viljuge til å sjå den lidinga som menneske lever med. Dersom vi lukkar oss for dei som vi ser treng vår hjelp, kan vi ende opp med eit steinhjarte. Meningsløysa som mange kjenner kan vi saman bøte på, gjennom gode gjerningar som er lagde klare for oss. Dette blir eit stort tenande fellesskap, der frelsa vi har fått ufortent og av nåde bind saman og frigjer. Eit fellesskap som søker å dyrke fram det vellukka og perfekte, vil mista noko av sin menneskelege karakter. Ut frå denne forståinga må kyrkja i enda sterkare grad søkje å representere ein motkultur mot dei kreftene som vil måle verdet til den einskilde utfra kva ein kan bidra med til produksjon, forbruk og verdiskaping.

*Oppmodinga* til Kyrkjemøtet er å stadfeste det heilskaplege synet på mennesket, der vi lærer noko om det reint menneskelege gjennom å inn i teneste for andre. Kyrkja har tradisjon på å ta imot dei som samfunnet ellers har problem med å akseptere. Norske styresmakter, særleg byråkratiet har også ei utfordring knytt til å sjå den einskilde klient eller asylsøkjar som meir enn bare eit saksnummer og ei arkivmappe. Flyktningerettar er også menneskerettar.

### **Overgrep mot dei reisande**

Den gruppera som kanskje har levd gjennom dei mest omfattande forsøk på hardhendt assimilering, er dei reisande (i dette dokumentet vert «reisande» nytta, sjølv om det finst dei

som heller vil bruka nemninga “tater” om seg sjølve). Over 280 lokallag av Norsk misjon blant hjemløse har eksistert, og desse såg på organisasjonen som den rette instansen for å sikre for dei reisande det som vart forstått å vere eit meir verdig liv. Intensjonen hos dei mange friviljuge var at hjelpa dei ytte skulle sikre dei reisande eit godt liv innanfor det norske storsamfunnet.

Norsk misjon blant hjemløse fungerte i praksis som eit utøvande organ for Sosialdepartementet for å gjennomføre ein statleg politikk for busetting og omsorgsovertaking. Desse to var ofte tett knytte saman, der trugsmålet om at barna kunne bli fjerna frå foreldra dersom desse på nyt gjekk ut på vegane, fungerte som eit effektivt pressmiddel. Mange lovar mot lausgjengeri har eksistert, og lova frå 1900 vart fulgt opp av eit strengt kontrollregime, både med og utan offentleg autorisasjon.

Som fast medlem i dei kommunale vergeråda, var mange av prestane med på å fjerne barn frå familien, med tildels redselsfulle opphold på barneheimar eller skuleheimar. Vergeråda fungerte ulikt i dei ulike kommunane, men vart kritiserte av Norsk misjon blant hjemløse og Sosialdepartementet for å vere unnvikande, og ikkje gjere nok for å følgje opp vergelova av 1896. Vedtaka om omsorsovertaking skulle ideelt fattast i vergerådet før barna vart fjerna, men ofte kom desse vedtaka etter at barna hadde vorte fjerna frå foreldra, og av og til kom slike vedtak ikkje i det heile.

Norsk misjon blant hjemløse si rolle i oppfølgjinga av steriliseringslova frå 1934 er også dokumentert. Det er her viktig å understreke at ei rekke av dei tiltaka som Norsk misjon blant hjemløse introduserte på 30-talet skjedde etter påtrykk frå steriliseringsforkjemparar sentralt i det norske maktapparatet. Det er ikkje grunn til å hevde at denne linje hadde stød blant grasrota som var med i organisasjonen. Dei kristne som var med, var interesserte i å gjere ei god gjerning mot menneske som såg ut til å trenge hjelp, og kristne på denne tida var på ingen måte forkjemparar for norsk steriliseringspolitikk.

Som Den norske kyrkja sitt øvste organ, er det viktig at vi kjenner denne historia. Ei orsaking frå Kyrkja no vil vere viktig, har vi fått stadfest etter mange samtalar med to av organisasjonane som organiserer dei reisande. Dette betyr ikkje eit forsøk på å sverte dei mange som gjekk inn i dette arbeidet med ei nestekjærleg haldning. Den informasjonen og dei normene vi i dag sit inne med, gjer likevel at vi må tote å seie at mykje av det som vart gjort mot dei reisande, var galt.

Som ellers er det den overgripne som må fortelje oss korleis dei kan hjelpe oss å forstå kva dette har ført til. For dei reisande sjølve er det ikkje noko kyrkjeleg organ som er meir eigna til å uttrykkje ei slik unnskyldning enn Kyrkjemøtet. Dei ser ikkje noko poeng i at andre kyrkjelege organ som ikkje representerer den same tyngda skal ta tak i denne saka.

Kirkens Sosialtjeneste vart etablert som ein uavhengig stifting då Misjonen vart lagt ned i 1986. Heile tida har det vore sentralt for leiinga her at dei ikkje er ei vidareføring av verksemda til Norsk misjon blant hjemløse. Problemet med denne haldninga er at det ikkje var dei reisande sjølve som vart spurd om dei meinte dette var ei rett forståing av kontinuitet eller mangel på slik kontinuitet mellom desse verksemndene. Kirkens Sosialteneste overtok deler av bygningane til Norsk misjon blant hjemløse der dei no driv diakonal verksemnd. Sidan Kirkens Sosialteneste er ein ny organisasjon opplever leiinga det både som uheldig og direkte

feil at dei av nokre blir sett på som ei vidareføring av verksemda til ein no nedlagt organisasjon.

Sjølv om Norsk misjon blant hjemløse ikkje har hatt noko formelt tilhøve til Den norske kyrkja, er det likevel mange kyrkjemedlemmar som gjennom haldning og handling har skapt store sår og uboteleg smerte hos dei reisande. Dette kan berre endrast dersom vi no går eit første skritt. Det neste skritt kan vere å hjelpe dei reisande til å bli stolte over eige opphav, og høve til å uttrykkje eigen identitet.

Samstundes er det viktig å vere klar over at som i andre minoritetar, er det mange som fryktar for å bli plasserte i bås og stigmatiserte. For mange har brotet med det ein sjølv eller foreldra ein gong tilhørde, vore så smertefullt at ein ynskjer å leve som vanleg borgar, og ikkje som ein "minoritet". Det er viktig å vere klar over at dei finst som ikkje vil leve i frykt for at den skamma dei ein gong røynde, skal kome attende. Dette gjer det viktig å gå varsamt, men det gjer det ikkje mindre viktig å gjere noko.

Det er også viktig å vere klar over at nokre som har studert miljøet utanfrå ser at det relativt sterke kulturelle medvitnet vi finn hos dei reisande i Noreg i dag, samanlikna med våre granneland, også kan forklarast med ein kollektiv motreaksjon frå dei reisande sjølv mot dei omfattande assimilasjonsforsøka. Dette gjer det også til ei kyrkjeleg utfordring å bli med å gje støtte til arbeidet med styrking av kulturformer og kulturuttrykk hos dei reisande.

Slik det er fastslått i artikkel 27 i Konvensjonen om sivile og politiske rettar, skal etniske, religiøse og språklege minoritetar sikrast retten til å praktisere språket og dei kulturelle uttryksformane. Styresmaktene kan på ulikt vis bidra til dette; ved å unngå innblanding, ved å gje stød til kulturelle og språklege aktivitetar og ved å leggje til rette for informasjonstiltak mot dei andre innbyggjarane. På same måten kan her kyrkja ta del, for å sikre vidareføring av nokre av dei rike kulturskattane som er ført vidare - trass i sterkt motstand.

*Oppmodinga til Kyrkjemøtet er å gje seg tid eil å lytte til dei som har røynd kyrkjelege maktovergrep, finne ut korleis dei såra som er skapte best kan helast, og søkje å byggje noko saman. Norske styresmakter har alt komme med ei unnskyldning for overgrepene, men framleis opplever dei reisande at deira ynskjer ikkje blir tekne på alvor av styresmaktene. Dei reisande vil ikkje stigmatiserast, men få ei rettvis handsaming i forhold til dei overgrepene som har skjedd.*

## VIII MENNESKERETTANE I DET POLITISKE SPELET - DØME FRÅ NOREG

Det internasjonale samfunnet har plikt til å gripe inn dersom styresmaktene i eit land krenkjer rettane til dei som bur i landet. Noreg har ikkje gått fri frå kritikk. Ved eit slikt høve, då Høgkommisären for flyktingar kritiserte låg innvilgingsprosent for asyl i Noreg, hevda den dåverande statsministeren at «FN har ikke noe med å fortelle Norge hvordan vi skal løse våre problemer.» Det er slike haldningar som er det største trugsmålet mot effektiv menneskerettsgjennomføring, og norske styresmakter må halde fram konsekvente haldningar i desse spørsmåla.

Mellomkyrkjeleg Råd har på ei direkte kontakt frå Justisministeren fått svar om kva som no skjer med å gjere menneskerettskonvensjonane direkte gjeldande i norsk rett. Dette kallast inkorporering, og nær alle statane som er med i Europarådet har teke Den europeiske

konvensjonen om vern av rettar og grunnleggjande fridomer direkte inn i eige lovverk. På bakgrunn av at Noreg er eit land som vil framstille seg sjølv som menneskerettsforkjempar, er ei slik handsaming uakzeptabel.

Det har no gått over fem år siden regjeringa tok imot denne tilrådinga om inkorporering av tre sentrale menneskerettskonvensjonar i NOU 1993:18. Framleis er det ikkje skjedd noko vesentleg, berre små hint om at det er kanskje berre Den europeiske menneskerettskonvensjon som blir teken inn. Problemet er mellom anna ei oppfatning blant norske dommarar om at norsk og internasjonal rett allereie er samsvarande, og at vi derfor ikkje treng noko ytterlegare stadfesting av dette. Vi venter at innan menneskerettsåret 1998 har gått ut, har regjeringa kome med eit godt framlegg.

Det er viktig å halde fram noko av det som menneskerettane ikkje kan hjelpe oss med, og det er også viktig å understreke at desse rettane ikkje gjeld for all menneskeleg samhandling. Ingen har menneskerettsleg grunngjeving for å få barn, plastisk kirurgi, gå inn i forbodne heilagdomer, sjukefråvere med løn eller andre handlingar. Det kanskje mest avgjerande hinderet for realisering av menneskerattane er det faktum at menneskerettar ikkje kan temje marknadskrefter eller endre kulturelle overleveringar. I møte med det indiske kastesystemet gjev det litan meining å hevde at «alle er fødde frie og like i verden» og at rettane skal sikrast for alle «utan forskjell av nokon art», slik det står å lese i Verdserkaeringa om menneskerettane, artikkel 1 og 2.

Framleis er det ingen tvil om at menneskerettstenkinga er i stadig utvikling, og nokre meiner dei konvensjonane som i dag finst har svært store manglar. Dei funksjonshemma er ikkje nemnd i nokon av konvensjonane før Barnekonvensjonen kom i 1989. Er dette med på å forklare at medvitet om dei funksjonshemma sine menneskerettar er lågare enn dersom ein eigen konvensjon eller i det minste klare referansar i andre konvensjonar vart vedtekne?

Mange hevdar at det viktigaste ved konvensjonane, i motsetnad til andre internasjonale avtalar, er at ein konvensjon alltid har eit oppfølgjingsorgan. Statane rapporterer regelmessig til dei seks fagkomiteane som er sette til å passe på etterleving av dei seks FN-konvensjonane. I tillegg til dei to mest kjende frå 1966, finst eigne konvensjonar mot tortur og rasediskriminering, i tillegg til Kvinne- og Barnekonvensjonen. I tillegg finst konvensjonar som er vedtekne av FN, men som svært få statar har godkjend i nasjonalforsamlinga (ratifisert). Eit døme på ein konvensjon som ikkje er i funksjon, er Konvensjonen om migrantarbeidarar og deira familiar, der Verdskyrkjerådet er av dei som arbeider for at statane skal ta denne konvensjonen på alvor.

Kor effektive er konvensjonane som reiskap til å fremje interessene til dei gruppene som skal vernast? Sentralt her er å slå fast at konvensjonar ikkje vert sterkare enn kva statane vil at dei skal vere. Det første hinderet er sjølsagt tilslutninga, gjennom ein ratifikasjon. Deretter kjem oppfølginga, både gjennom endringar i lovverk og praksis, og i dialogen med den relevante komiteen og det internasjonale samfunn generelt. Det finst statar som ikkje har gitt noka form for rapportering, og det finst få reaksjonar frå verdssamfunnet på slik åtferd. I tillegg til informasjonen gjeven av styresmaktene, er komiteane interesserte i røynslene til organisasjonar i det aktuelle landet. Dette er mogleg berre dersom styresmaktene sjølv ynskjer dette, og dei færreste har slike ordningar. Til sist tar nokre av komiteane imot klager frå einskildmenneske - men berre dersom styresmaktene har akseptert retten til individuell klage.

Når nye konvensjonar vert drøfta, bidrar dette til å heve medvitet hos dei relevante instansane. Det blir også lettare for menneskerettsorganisasjonar nasjonalt og internasjonalt å halde opp internasjonalt respekterte standardar for å reagere mot menneskerettsbrot. Konvensjonane er vidare viktige av di dei nyttast som målestokk for ei rekke internasjonale samtaler og forhandlingar som ikkje er strengt menneskerettsfokuserte. Kort sagt finst det ikkje noko betre internasjonalt normgrunnlag som på ein slik omfattande måte regulerer tilhøva mellom styresmaktene og dei styresmaktene skal tene.

På denne bakgrunnen er det klart at eigne konvensjonar har ein viktig funksjon, men vi må samstundes vere klar over avgrensningane. Ein ny konvensjon vil ofte springe ut frå ei tidlegare vedteken erklæring, som er eit intensjonsdokument der styresmaktene sjølv kan bestemme om dei vil følgje dei tilrådingane som er uttrykte. I 1975 vart det vedteken ei erklæring om funksjonshemma av Sameinte Nasjonar, og eit eige tiår frå 1983 til 1992 var med på å styrke det menneskerettslege vernet for mange. Som ei avslutning på dette tiåret kom Sameinte Nasjonar med såkalla standardreglar for funksjonshemmade i 1993. Dette tiåret var likevel ikkje nok til å starte ein prosess på regjeringsplan for å komme fram til ein konvensjonstekst.

Sjølv om det i pakt med Den norske kyrkja si grunnhaldning er naturleg å gje støtte til arbeidet for at funksjonshemma skal få eit sterkare menneskerettsleg vern gjennom ein eigen konvensjon, er det samstundes viktig å bruke dei eksisterande ordningane meir effektivt. Ei utvikling i retning av større integrering mellom dei ulike menneskerettane og ei større vekt på det tydelege diskrimineringsforbodet, kan i seg sjølv vere eit viktig steg i rett retning. Endå betre er sikring av menneskerettsvern også på regionalt nivå, etablering av eigne rådgjeving- og rapportørstillingar, og eige avsnitt om ulike tiltak for menneske med funksjonshemming innanfor eksisterande rapportering.

All røynsle viser at menneskerettsarbeid tar tid, særleg arbeid innanfor Sameinte Nasjonar. Ei interessant utvikling er å ta saker ut av SN-fora for å oppnå størst mogleg konsensus før ein bringer prosessen attende til Sameinte Nasjonar. Ei anna utvikling er å etablere regionale ordningar. Dette ser vi i høve til minoritetsvern. Der Europarådet har greid å vedta ein konvensjon om minoritetar, er prosessen i Sameinte Nasjonar berre på erklæringsnivå. Slikt arbeid er ikkje med på å undergrave statusen til Sameinte Nasjonar generelt, men det finst spørsmål som kan handsamast betre utanfor.

## IX OPPSUMMERING

Menneskerettsengasjementet vi kan sjå tilbake på, er bredt og stort. Kyrkja har samstundes søkt å lære av dei feila som er gjort, og det er ingen tvil om at arbeid med menneskerettane vil bli viktig i åra framover. Dersom kristne støtter opp om grunnforståinga for eit kristent menneskerettsengasjement, og omset denne forståinga i handling, gjev dette eit stort potensiale for konkret arbeid for å fremje menneskeretane både heime og ute.

Dei trugsmåla mot menneskeleg verde og fellesskap som her er omtala, må ikkje føre til at vi mister trua på dei gode kreftene. Det er mange som ynskjer å ta eit oppgjer med det økonomisk-teknologiske menneskesynet og individualismen. Vi har alternativ. Eit kristent menneskesyn gjev mennesket sin store verdi av di Gud sjølv let seg bli menneske, det største

uttrykket for grensesprengande kjærleik. Samstundes oppmodar kristen tru og handling til fellesskap, også for dei som ikkje praktisk sjølv kan oppsøkje slike fellesskap.

Mahatma Ghandi sa ein gong at han ville ha vore kristen dersom han verkeleg fekk sjå at dei kristne levde i pakt med det dei lærte i Bibelen. Ei erkjenning om at vi har store bibelske førebilete både i ord og handling må ikkje føre til apati og oppfatningar om at vi ikkje strekk til. Vi kan vere eit stort tenande, diakonalt fellesskap, der menneske får sjå kristendomen og Guds kjærleik gjennom oss som representantar for Gud her på jorda. På denne måten er Den norske kyrkja ein av mange aktørar som er med på å fremje menneskerettar og menneskeverd inn i eit nytt årtusen.

#### **X FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Mellomkyrkeleg Råd og Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å gjere eit slikt vedtak:

1. Kyrkjemøtet ber om at menneskerettane vert løfta fram i kyrkjelydane i samband med 50års-jubileet for Verdserklæringa om menneskerettane den 10. desember og freds- og menneskerettssundagen den 6. desember.
2. Kyrkjemøtet er glade for det arbeidet som er gjort i Den norske kyrkja for å grunngje eit kristent menneskerettsengasjement og ynskjer at kyrkjelydane set seg inn i dette arbeidet.
3. Kyrkjemøtet ser at det allereie er mange satsingsområde i kyrkja der arbeid med menneskerettar bør finne sin naturlege plass, slik som diaconiplanen og samisk kirkeliv, som vert støtta frå Opplysningsvesenets fond, og forbruk og rettferd og fleirreligiøse utfordringar som ikkje har denne finansieringa.
4. Kyrkjemøtet ber særskilt om at det blir arbeidd vidare med å styrke retten til mat som sentral premiss for arbeid i Kirkens Nødjelp og andre norske organisasjonar, og hos norske styresmakter i deira arbeid opp mot internasjonale organisasjonar. Ein vid forståing av kva som hindrar verkeleggjering av retten til mat må leggjast til grunn.
5. Kyrkjemøtet ber om at Den norske kyrkja sikrar oppfølgjinga i å verkeleggjere tilrådingane frå Oslokonferansen for religions- og livssynsfridom, innanfor Oslokoalisjonen til støtte for artikkel 18 i Verdserklæringa. Dette arbeidet må skje i tett samarbeid med norske styresmakter og relevante organisasjonar i andre land.
6. Kyrkjemøtet vil som det øvste organet i Den norske kyrkja stadfeste at det vart gjort urett mot mange av dei som er av reisande slekt. Kyrkjemøtet ber om orsaking for at handlingar frå kyrklege ansvarspersonar og institusjonar gjorde med gode intensjonar på denne måten har skapt skam og fortviling. Kyrkjemøtet vil arbeide for at Den norske kyrkja kan gjere godt at for det som har skjedd.
7. Kyrkjemøtet ser det som særleg viktig at regjeringa raskt kjem med framlegg om inkorporering av fire sentrale menneskerettskonvensjonar i norsk rett: Den europeiske menneskerettskonvensjonen frå 1951, Konvensjon om civile og politiske rettar frå 1966, Konvensjon om sosiale, økonomiske og kulturelle rettar frå 1966 og Barnekonvensjonen frå 1989.



## MKR-SAK 32/98      FELLES TIDSPUNKT FOR PÅSKEFEIRING

Saksbehandler:      Stephanie Dietrich

- I 1997 fikk Dnk/MKR en henvendelse fra KV om å ta stilling til en utredning om felles påskefeiring. Vi er bedt om å gi respons hvorvidt vi kan være villige til å tilpasse vår liturgiske kalender til den nye beregningsmåten.
- Det er utredningen fra konsultasjonen i Aleppo, Syria, 5.-10.mars 1997 "**Towards a Common Date for Easter**" som ligger til grunn for initiativet som DnK skal ta stilling til. I Aleppodokumentet vektlegges det viktigheten av et felles tidspunkt for påskefeiring utfra teologiske grunner: Påskebudskapet er det sentrale budskapet i vår tro. Troen på Kristi oppstandelse er det største tegnet på enhet og forsoning som gjelder hele skaperverket. Påskehendelsen var utgangspunktet for at de kristne begynte å feire hver 1.dag i uken for å markere oppstandelsestroen. Samtidig er den store påskehøytiden hvert år en påminnelse om Guds nyskapelse, den åttende dagen, Kristi seier over døden. Påskedagen har tradisjonelt vært den store dåpsdagen i mange kirker. Dette underbygger nødvendigheten av å komme til enighet om et felles tidspunkt. Uenigheten om tidspunktet for påskefeiring er et negativt vitnesbyrd utad i verden.
- **Bakgrunnen:** Uenigheten omkring tidspunktet for påskefeiringen har vært tilstede siden det annet århundre etter Kristus. Først i vårt århundre har man begynt å ta fatt i problemstillingen på alvor: Som et ledd i det økumeniske arbeidet for enhet og et felles vitnesbyrd for verden har man også begynt å drøfte hvordan man kunne komme frem til et felles tidspunkt for påskefeiring. Når kirkene feirer den største kristne høytiden, så gir det signaler utad om en splittethet som gjør skade i forhold til hennes oppdrag i verden, å nå ut med evangeliet.
- Dette er et felles anliggende for alle kristne, men det blir enda mere brennbart i de områder der mange små forskjellige kristne kirker lever side om side, som i **Midtøsten**. Det er derfor et spesielt viktig anliggende for disse små kristne kirkene, som lever side om side som minoritetskirker, å komme frem til en enighet omkring tidspunktet for påskefeiringen. Middle East Council of Churches (MECC) og KV har samarbeidet om dette prosjektet.
- Tilslutningen til en felles beregningsmåte for påsketidspunktet vil også ha en del praktiske konsekvenser i forhold til f.eks. påskefeiringen i Jerusalem (jfr. stridighetene omkring plassen i gravkirken). Det dreier seg dog om vanskeligheter av praktisk karakter som ikke kan være utslagsgivende når man tar stilling til problemet i sin helhet.
- Initiativet til arbeidet for en etablering av et felles tidspunkt for påske kom i utgangspunkt fra de ortodokse kirkene, som også har forskjellig praksis innad. Der har spørsmålet til og med skapt skismaer mellom kirkene etter et forsøk på å enes på 1920-tallet. Også den katolske kirken har vært interessert i arbeidet etter 2.Vaticanum. Siden 1965 har KV tatt

opp problemstillingen ved flere anledninger. Gjennom to konsultasjoner i 1994 og 1997 har man forsøkt å komme frem til en løsning som er tilfredsstillende for alle parter

- **Historisk bakgrunn:** Uklarhetene rundt tidspunktet for Jesu død og oppstandelse ligger allerede grunnlagt i forskjellen mellom synoptikerne og Johannesevangeliet. Konsilet i Nikea 325 besluttet derfor at påske/passa skulle feires på den søndagen som følger den første fullmånen etter vårjevndøgn. Vårjevndøgn ble tidsfestet (ikke beregnet nytt fra år til år) i forhold til den julianske kalenderen. Omkring det 6.århundre hadde beregningene som baserte seg på alexandrinsk astronomi og vitenskap fått universalt gjennomslag. Men i det 16.århundre ble diskrepansen mellom denne beregningsmåten og de faktiske astronomiske data tydelig. Dette foranlediget innføringen av den gregorianske kalenderen i vestkirkene gjennom pave Gregor XIII i 1582, mens østkirkene fastholdt ved den julianske kalenderen. Viktig er det i denne sammenheng at man fastholder at differensen i fastsettelsen av tidspunktet har kalendariske, og ikke teologiske årsaker. Det springende punktet er at verken den gregorianske eller den julianske kalenderen er helt nøyaktig i forhold til de astronomiske data, begge divergerer, men den julianske divergerer for øyeblinket med 13 dager, mens den gregorianske ikke divergerer i nevneverdig grad nå, men vil gjøre det i liten grad om noen år.
- Noen ganger vil tidspunktet for påskefeiringen falle sammen utfra begges kalenders beregning. Dette vil være tilfelle i år 2001.
- Ved møtet i Aleppo fastholdt man ved avgjørelsene fra Nikeakonsilet som avgjørende utgangspunkt for fastsettelsen av påsketidspunktet. En slik vektlegging av Nikeakonsilets beslutninger gjør det mulig at også de ortodokse kirkene vil kunne åpne seg for en tilslutning til den foreslalte løsning. Utgangspunktet i den oldkirkelige tradisjonen er et viktig og nødvendig trekk i arbeidet for en enhetlig fastsettelse av påsketidspunktet.
- Anbefalingene til kirkene er følgende:
  - 1.) å fastholde ved **Nikeabeslutningen**, nemlig at påskedag skal falle på første søndag etter første fullmåne etter vårjevndøgn. Her vektlegger man også at en slik tidfesting på grunnlag av astronomiske beregninger svarer til den kosmiske dimensjonen for Guds åpenbaring og er derfor mere adekvat enn en fast dato.
